

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 08/17

Møte 28.11.2017

Tilstades: X

Medlemmer:

- X Ingrid Løset, leiar
- X Ann Helene Skare, nestleiar
- X Atle Tangen
- X Hilde Marie Kleiven
- X Anne Grete Mogstad
- Asbjørn Ringdal Gausdal
- X Torill Bøe
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand

Varamedlemmer:

- X Daniel Ask
- Ann Elida Solheim
- Anton Iversen

Administrasjonen/Stab: Ass. direktør Helge Ristesund
Randi Spjelkavik Ramnefjell, sekretær

Andre: Kvalitetssjef Vidar Hagerup.

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Ålesund sjukehus – Styrerommet kl. 10:00.

Leiar Ingrid Løset starta med å ønske alle velkomen.

Følgjande saker vart behandla:

BU 2017/63 Godkjenning av innkalling og sakliste samt underskrift av protokoll nr. 07/17 frå møte 24.10.2017.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 28.11.17.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og saksliste til møtet 28.11.2017.

Protokoll nr. 07/17 som vart godkjent i møte 24.10.17, vart underskriven av brukarrepresentantane.

BU 2017/64 Orientering frå Ass. direktørInnstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek informasjonen til vitande.

Protokoll:

Ass. direktør orienterte om:

- Utviklingsplanarbeidet
 - Verksemda
 - Bygningar
- Statusrapport pr oktober 2017

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande.

BU 2017/65 OrienteringssakerInnstilling:

- Gjennomgang av høyringssvar til Utviklingsplan. Høyringssvar vil bli korrigert etter innspel og sendt inn innan fristen 07.12.17.
- Gjennomgang av ulike møter og samlingar brukarrepresentantane har delteke på sidan brukarutvalsmøte i oktober og fram til i dag.
- Brukarutvalet vedtek å oppnemne arbeidsutval til Brukarutvalet. Arbeidsutvalet skal vere samansett av leiar og nestleiar i Brukarutvalet, og ein person som Brukarutvalet oppnemner. For perioda 2018 – 2019 vert Asbjørn R Gausdal oppnemnt.

Vedtak:

- Brukarutvalet vedtek å oppnemne arbeidsutval til Brukarutvalet. Arbeidsutvalet skal vere samansett av leiar og nestleiar i Brukarutvalet, og ein person som Brukarutvalet oppnemner. For perioda 2018 – 2019 vert Asbjørn R Gausdal oppnemnt.
- Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek dei øvrige sakane til vitande.

BU 2017/66 ReferatsakerInnstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek sakane til vitande.

Protokoll:

- Protokoll - RBU 06.11.17.
- Protokoll – Overordna samhandlingsutvalsmøte 22.11.17.
- Delrapport – Kvalitetssikring lokale utviklingsplaner
- Oppsummering frå dialogmøtet 22.11.17.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek sakane til orientering.

BU 2017/67 Budsjet 2018Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2017/70 – Budsjet 2018

Styret skal behandle saka i styremøte 29.11.17.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF ser positivt på at resultat for oktober 2017 stort sett er i samsvar med budsjettet, men ser at helseføretaket fortsatt har store utfordringar økonomisk. Brukarutvalet støttar dei tiltak som er gjort framlegg om i budsjettet og viser til tidlegare vedtak i Brukarutvalet, der ein føresett at tiltaka ikkje vil gå utover kvaliteten på tilbodet til pasientane.

BU 2017/68 Tiltråding forprosjekt Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR)Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2017/71 – Tiltråding forprosjekt Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR).

Styret skal behandle saka i styremøte 29.11.17.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF seier seg glad for at saka er komen så langt og støttar administrasjonen sitt framlegg til vedtak i saka.

BU 2017/69 Leingssystem for kvalitet i Helse Møre og Romsdal HF 2018Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2017/72 – Leingssystem for kvalitet i Helse Møre og Romsdal HF 2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek orientering frå kvalitetssjef Vidar Hagerup til vitande og sluttar seg til vidare arbeid med leingssystemet for kvalitet, jfr styresak 72/2017

BU 2017/70 Oppnemning av medlemmar til Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF for perioda 01.01.2018 – 31.12.2019.Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2017/73 – Oppnemning av medlemmar til Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF i perioda 01.01.2018 – 31.12.2019.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF meiner dette er styret si sak.

BU 2017/71 Kandidatar til dei ulike klinikkane i Helse Møre og Romsdal, for deltaking i kvalitetsrådInnstilling:

KPU ber Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF om representantar til kvar klinikk sitt kvalitetsråd.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF utsetter saka til neste møte i brukarutvalet.

BU 2017/72 Eventuelt

- Ingrid Løset og Hilde Marie Kleiven deltek i styremøte 29.11.17.

BU 2017/73 Godkjenning av protokoll nr. 08/17 frå møte 28.11.17.Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 08/17 frå møte 28.11.17.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 08/17 frå møte 28.11.17.

Møtet slutt kl. 14:45

Ingrid Løset

Ann Helene Skare

Jakob Strand

Atle Tangen

Anne Grete Mogstad

Hilde Marie Kleiven

Daniel Ask

Torill Bøe

Inger Nossen Sandvik